

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Transport av høy nr.2. Fylke: Vest_Agder

Tilleggsspørsmål nr. Herad: Gyland

Emne: Transport av høy Bygdelag: Nuland

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland Gard: Nuland

(adresse): Nuland.p.o. G.nr. 78 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. både eiga og andres

B. Eller om den er etter andre heimelmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

opteiknaren fødd 1882.

SVAR

I Gyland er det bare lite med stølar, d.v.s. setre der folk fra gammalt budde mens dei slo og hadde kretur med seg. I mi tid hev det bare vore 2.gardar i Gyland, som har lege på Stølen um sumeren i slåtten.

Det er garden Gyland og Sandvand. Som 9.år gammal, var eg hjuringgut på Gylnd, mens dei var på Stølen. Det var i året 1891. Det var i 2. vikor, me hadde kyr, sau og geiter med. Eg gjette kreturet i slåter som ikkje skulde slåast den sumar. Om natta hadde me småkreturet i kveer, d.v.s. samanbundne grindar, som kunde flyttast so gjødsla vart fordelt over stølsvollen. På den måten vart stølsvollen gjødla og der var godt høy på den.

Kyrene stod bundne i tJOR. Folk budde i Stølshus, som hadde eldstad mitt på jordgolv, laga av 3. steinar røyken gjekk op millom takbordi,, som i de~~4~~ hus eg var, ikkje var serleg tette.. Stølshuset var delt i 2. rom.

det eine var mat og mjølkebud. Der var sengepallar kring veggjerner. Kvart bruk hadde sine slåtter og dei sleg teigerne anankvart eller tridiekvart år. Dei hadde vanleg høyet i utløer, men også i stakkar. Det var eit winterlass i kvar stakk. Stakken var sett opp kring ei stakkstong, som var sett ned ijorda sopass at ho stod godt, og rakk 10-12 fot opp. Høyet vart so anten bore

fram i bører eller kjørt på uskodd høyslede, Ved stekkjinga fengde dei høyet i kjemmer, og la det inåt stakkstonga, slik at ein alltid laut trø det godt til, og ha det gott inåt stongi, so det halla utover.. Ein hadde tomta vidare i botnen, heldt same vidden, eller helst litt vidare på mitten og so smalna av oppe. Når stakken var nær ferdig kjemde ein siderne med riva og la det oppå, so stakken vart jamn og fin og stråi hekk nedover, so randt væta betre av. Når den var pålagd det den sulde ha av høy, so skar dei til ei ~~stig~~ grasstorva med hol i mitte, og skrå sider, som dei stakk ned over stongi ned på høyet, og på toppen stte dei ein hatt av torv, so ikkje væta skulde renne ned etter stongi. Når stakken var velgjordt, kunde høyet halda seg ganske godt på den måten, bare eit lite lag utanpå vart noke skjemd.. Eg kjenner ikkje anan måte å få høyet fram til løe og stakk, eller å bera det i bører på ryggen, eller kjøra det med hest og treledede utan skonning under sleen. Ved lessing av høybører, såg ein seg ut eit turt plass til å lessa børa på, helst i ein bokke, då var det lettare å risa opp med børa.
 Ein la so på kjemmor med høy, 4 a 5. kjemmor var passande bør til ein voksen mann. Var ein folk nokk, var det vanleg at ein kar og ei kvinne var saman om høyininga. Kvinnna raka saman og karen kjemmde og lesste børa og bar den fram.
 Byretoget var omlag 6. famnar lang, og hadde ei heigl av tre,, når ein tok til med børa, la ei toget med endane litt ut frå einanan og når ein hadde lagt på det ein vilde, tok karen endane og gav kvinnna, som trædde dei inn i heigla bagfrå og ut millom fatlorne. Karen for so fyre børa, etter at han hadde knept den godt saman, og kvinnna reiste han opp. Ei heldt i endane av toget over høgre skulder Dette var det vanlege, men flinke kara greidde seg gjerne åleine å lessa bører og.

Høylerne var tekte med næver. Ein hadde gjerne løa so stor at ho tok 4-5. vinterlass. Den var bygt av rundt timber, som var lagd lag for lag oppå einanen til den var 4-5 fot høg,. So sette dei rapter på og på tvers av desse slod dei smale bord, som dei kalla tro, dei låg litt fra ein annan so endarne av nævra kunde gå ned imillom, då gleid den ikkje so lett nedover. Nævra vart lagd lag for lag, opover siderne, soleis at ein skjøv dei lenger opover for kvart lag, og passa på at ein tekte over alle sprekkar . So la dei torv ovanpå nævra og pusa det av, det var tette gode tokor av dette, som kunde holda seg tette lenge, visst di var gott gjorde.

Fra det fyrste eg minnes, i 1890 åra, slog folk mykje høy i utslåterne, Til kvar gard var det gjerne 5.6. utløer men dei låg ikkje lenger borte enn at dei gjekk heim om kveldane. Det var ein nedlagd heiagard, Budal, so var kjend for sine gode utslåter. Far åtte noe av eit bruk der og fleire andre. Me bruks den som støle og var der 2-3. vikor kvar sumar. me hadde bare 1. molkekryr med. Me låg i løerne om netterne. Det var mykje ungdom med då og det var moro og leven. Far kjørte vanleg heim 20 vinterlass fra Budal. I kvart lass var det 7-8 bører. Ein hadde greiner utanpå lasset. 2. greiner vart lagd langsetter, 1. i kvar ende av sleen. dei var trekt litt fram og hadde ein god kvist ved enden, som ein hadde toget i og drog greina op i enden av lasset. Dei greinene kalla ein, skippen, Il gamle dager slo folk mykje i utmarka. Fra Amtsforhandlingarne har eg sett, at i 1860 åra var det nedsatt ei nemnd, som skulle finne ut årseken til forarminga av bygderne i Vest-agder. Det heiter der, at ein av årsakerne, var, at dei trudde ikkje det vart ståande att eit strå av gras, som ikkje vart hausta anten av folk eller kretur, og jord kunde ikkje holda ut med bare å verte hausta utan å verte gjadale.

Det var og mange husmenn i Gyland kring 1800 talet dei hadde fenge lov av husbonden å setja seg opp eit lite hus i ein utkant av heimejordet, .dei hadde vanleg 1 kyr og nokre geiter, for å skaffa for til desse laut dei rske og så i utmarka ,slike stader som husbonden sjøl ikkje rakk over, eller gav dei lov til.Når borni vart vaksne og dei gamle fall burt, gjekk plassen atende til moderbruket.

Desse husmenn var gjerne høylause om våren i vårnipa og for då kring i bygda og bad seg høy.Dei kalla dei høykjerringar,som slik kom og fekk seg høy.

Fra 1900 og utover tok det til å minka med å så i heiarn og utmarka, Daglønerne vart for store ,so det svara seg ikkje å leig, og ungdomen reiste gjerne burt,til Amerika,eller fabrikkar, o.l. so vart det forlite folk heime til årkkje over det.

Nydyrkninga auka og monarleg,no kunstgjødsla kom i bruk, so folk såg at det svara seg betre å leggja arbeid på å auka den dyrka jordi,det var somykje meire verd

det gjødsla graset.For kring 20 år sidan kom det fyrste kulturbetet i Gyland.Det var lærer Nils Hjelleset som fekk eit reklamefeltt med tilskot frå V-A.landbrukselskap. 10. år seinare fekk underskrevne 1. på same måten,og no er det kome fleire utover bygda.

sume har endå so smått teke til å rydda og gjødsla i slåterne og når det no etterkvart vert betre med kunstgjødsel, vil truleg denne måten bli meir vanleg.

Lars Fr. Skjeld

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY